

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Engerdal.

Emne: Lauving.

Bygdelag: Femundsenden.

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard: Femundsenden.

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Ole Femundsenden, oml. 75 år gamal. F. ved Femundsenden. Bonde.

SVAR

1. Dei lauvar ennå på Femundsenden.

Lauvet er årvisst fôr.

2. Det vanlege er å ta lauv etter ein er ferdig med slåtten.

Det er mest lauv av björk og vier ein tar. Det er lite rogn og selje kring Femundsenden, og kua likar ikkje dette lauvet. Ho har ikkje vant seg til det.

xx Ein seier ta løyv, era på løyvtakst.


3. Ein tar lauv med løyvkjöru: bakenden på ein ljå fest til eit stutt rett skaft.

Det vert ikkje brukt nokon reidskap til å böygja ned greinene.

Ask og eik finnst ikkje ved Femundsenden.

Det er ikkje vanleg å raspe av lauv med handa.

4. Det vanlege er å felle treet som ein skal ta lauv av. Omgrepel kylletre ukjent.

5. Lauvet vert bunde i kjerver og sett opp på løyvhjell. Mellom to tre set ein fast to stenger, ei på kvar side av stommen. Dei står på stötter og er bundne fast til stommen med vidjer. Mellom stengene setik ein ~~tinykk~~ tynne stenger eller ~~tinykk~~ stakar og "drar opp" kjervene på dei. Mellom stakane kan ein legge eit lag med l eller to kjerver. Ikkje noko tak på kjervene

6. Lauvet vert kjört heim på vinterföre.
Lauvarbeid er ikkje dugnad.
7. Det aller meste lauvet vert tatt i utmarka, det er
reint tilfeldig om ein tær noko i innmarka.
8. Det er mannen som set opp hjellen og drar opp, elles
er det ingen skilnad.
9. Det er bare lauvet av björk og vier som vert tatt,
bæ slaga vert rekna som gode.
10. Alm finnst ikkje ved Femundsenden.
- 11-15. Ukjent.

B.

1-9. Ukjent.